



Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2147 - 17/18471

Saksbehandlar:  
Trude Langedal  
trude.langedal@lindas.kommune.no

Dato:  
21.06.2017

## Høyring av planprogram og varsel om oppstart av kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen

I medhald av plan- og bygningslova § 11-12 og 11-13 vedtok Plan – og miljøutvalet i møte den 31.05.2017 oppstart av planarbeid og høyring av planprogram for kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen.

Planarbeidet omfattar revisjon av kommunedelplan for Knarvik- Alversund og kommunedelplan for Alverstraumen. Dei to kommunedelplanane vert slått saman til eitt planområde i tillegg til at planområdet vert utvida mot nord. Hovudmål med planarbeidet er å leggje til rette for venta vekst i folketallet i regionsenteret med omland og førebu kommunesamanslåing. Det er dei overordna strukturane som vil ha hovudfokus. Viktige tema er regionsenterutvikling, samordna areal og transportplanlegging, bustad, næring, landbruk, natur og friluftsliv, kulturarv, miljø og tilpassing til endra klima. Det skal leggjast til rette for å styrkje forbindelsane for gåande og syklande og sikra tilstrekkeleg areal til friluftsliv og rekreasjon i nærleiken av der folk bur.

Dokumenta som er vedlagt denne varslinga er også å finne på kommunen si eiga nettside på [lindas.kommune.no](http://lindas.kommune.no) under Høyringar og kunngieringar.

og på braPLAN: [www.geoweb.no/braplan](http://www.geoweb.no/braplan). Søk på plan-ID 1263-201701, dokumenter.

I tillegg ligg dei for gjennomsyn i ekspedisjonen på Lindås rådhus.

**Høyringsperioden er frå 21.juni til 9.september 2017.**

Uttale og innspel til planprogrammet og oppstart av planarbeidet skal vere skriftleg og sendast innan 09.09.2017 til:



E-post: [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

Via elektronisk skjema på heimesida

Eller pr post til: Lindås kommune, Postmottak, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Merk innspel med «Kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen, innspel planprogram»

Spørsmål om planarbeidet kan rettast til planleggjar Trude Langedal i Lindås kommune på telefon 56 37 56 25, eller epost [trude.langedal@lindas.kommune.no](mailto:trude.langedal@lindas.kommune.no)

Med helsing

Frøydis Ones  
avdelingsleiar

Trude Langedal  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

KDP Knarvik - Alversund med Alverstraumen\_planprogram\_forslag 06.06.2017

Framlegg til planprogram og oppstart av kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen (L)(264421)

**Mottakarar:**

Bergen og Omland Friluftsråd	Hellebakken 45	5039	BERGEN
Bergen og Omland Havnevesen	Postboks 6040	5892	BERGEN
Bkk Nett AS	Postboks 7050	5020	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Kystverket Vest	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Meland kommune	Postboks 79	5906	Frekhaug
Naturvernforbundet Hordaland	Jakobsfjorden 4. etg. Bryggen 23	5003	BERGEN
Nordhordaland Lensmannsdistrikt Lindås	Postboks 33	5902	ISDALSTØ
Nordhordland og Gulen Interkommunale	Lindåsvegen 1260	5956	HUNDEVIN

**Mottakrar:**

Renovasjonsselskap Iks	Postboks 32	5903	ISDALSTØ
Nordhordland Turlag	Postboks 5091	0301	OSLO
Norges Vassdrags- og Energidirektorat (nve)	Majorstua		
Radøy kommune	Radøyvegen 1690	5936	MANGER
Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Telenor servicesenter for Nettutbygging	Postboks 7150	5020	BERGEN